



KLUBBHÅNDBOK

Sist revidert 9.9.2023



Figur 1 (Frå klubbens årlege høgdepunkt, Husnes Cup, foto: Marius Tveit Nissestad, Grenda)



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

1 Revisjonshistorikk

Dato	Endring
9.9.2023	<ul style="list-style-type: none">- Lagt inn revisjonshistorikk- Oppdatert formatering- Endret informasjon om utstyrsavtale



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

2 Innholdsfortegnelse

1	Revisjonshistorikk	2
2	Innholdsfortegnelse	3
3	IL TRIO – LITT HISTORIE.....	4
4	Visjon, verdigrunnlag og mål	4
4.1	Visjon.....	4
4.2	Verdigrunnlag.....	4
4.3	Trygge rammer.....	6
4.4	Mål	6
5	Klubbens organisering.....	7
6	Lagets organisering	7
6.1	Støtteapparat.....	7
6.2	Sesongplanlegging og kampavvikling.....	8
6.3	Seriespel.....	8
7	Økonomi.....	9
7.1	Økonomi på klubbnivå	9
7.2	Økonomi på lagsnivå.....	10
8	Informasjon og kommunikasjon	11
9	Rekruttering	11
10	Utdanning og kompetanse.....	11
11	Utstyr	12
12	Forsikring.....	12

KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

3 IL TRIO – LITT HISTORIE

Sjølv om idretten i Norge har vore organisert gjennom Norges Idrettsforbund som vart stifta i 1861, var det ikkje før i 1940-åra at det kom idrettslag på Husnes, Sunde og Valen. På eit møte i Friheim 27. januar 1946 slo dei 64 frammøtte frå dei tre laga seg saman og skipa IL Trio, med grupper for fotball, friidrett, handball og vinteridrett. Seinare har fleire andre undergrupper kome med.

Viktige milepålar i klubbutviklinga på anleggssida var då Husnes idrettspark vart opna i 1975, klubbhuset «Triohuset» sto ferdig i 1985 og Husneshallen i 1991. Hausten 2005 blei endå ein ny draum realisert, då Kvednabekkjen kunstgrasbane vart teken i bruk.

Fotballgruppa består av 28 lag og 510 medlemmer i 2021.

4 Visjon, verdigrunnlag og mål

4.1 Visjon

IL Trio sin visjon er “Meistring og idrettsglede for alle”



(smil, glede og fellesskap i Trio drakt, foto: Marius Tveit Nissestad, Grenda)

4.2 Verdigrunnlag

IL Trio sitt verdigrunnlag er

«All idrettsleg aktivitet skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom»

Fotballgruppa tar dette innover seg i det daglege. Vi allokerer ein sentral plass til Fair Play i alt vi gjer og skal stimulera barna til maksimal glede med idrett, også anbefala anna aktivitet enn fotball.

KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

Klubben har definert følgande meir konkrete verdiar for Fotballgruppa;

T	Tryggleik <ul style="list-style-type: none"> - Vi skal bidra til at barn og ungdom føler seg trygge i gruppa og i fotballmiljøet, har det moro, utvidar sitt sosiale nettverk og utviklar seg sosialt gjennom fotballen - All idrett og fotball skal vere lystbetont, og vi etablerer tryggleik gjennom glede og trivsel - Vi har «Trygge rammer» på agenda og er særleg bevisst på Trygg Trafikk på våre mange bilturar til bortekamper.
R	Respekt <ul style="list-style-type: none"> - Vi viser respekt og høfleghet både internt i klubben og med dei vi omgås av dommarar, motstandarlag, gjester på cup etc. - Fair Play har ein sentral posisjon i vår daglege drift av klubben - Vi snakkar TIL kvarandre og ikkje OM kvarandre - Vi framsnakkar gode prestasjonar og bidrag - Vi snakkar ikkje negativt om nokon. Då tar vi det opp med ansvarleg person. - Vi er gjennomtenkte med kva vi legg ut på sosiale medier.
I	Innsats <ul style="list-style-type: none"> - Vi har et einaste gjensidig krav til kvarandre i klubben – innsats, og at vi gjer så godt vi kan - Vi har ikkje krav til prestasjon eller resultat - Vi gjer ei innsats for kvarandre, laget og klubben - Vi bidrar med det vi kan og forlanger mest av oss sjølve.
O	Omtanke <ul style="list-style-type: none"> - Vi skal bidra til at alle har det bra i klubben gjennom omtanke og at vi ser alle i kvardagen - Vi bryr oss og tar tak i urett mot andre

I fotballgruppa føler vi visjonen naturleg kan kombinerast med NFF sine grunnverdiar for barnefotballen, **«Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg»**.

Flest mogleg	I Trio vil dette sei at i frå starten av søker å få flest mogleg til å starte med fotball gjennom eit systematisk arbeid (jfr rekrutteringsplan). Vi skal ha eigne lag for jenter og gutter frå starten av, då dette bidrar til å holde lengre på jentene.
Lengst mogleg	Det må leggast til rette for at både jenter og gutter på ulike dugleksnivå får eit tilbod tilpassa sitt nivå så godt som mogleg. På trening vil dette sei at innhaldet på vera slik at alle kan føla på meistring. Melda på nivå i seriespel og velja cupar ut i frå eit perspektiv om å få med alle. Det viktigaste – og sjølve fundamentet i fotballaktiviteten i Trio skal vere det sosiale fellesskapet og gode humøret. <u>Ein skal føla trygghet og ha det gøy med fotball i Trio!</u> Trenaren si viktigaste oppgåve på feltet er å sjå alle, vere positiv og gje masse skryt!
Best mogleg	Sjølv om Trio er ein breidddeklubb skal det vere lov å bli god i Trio. Det skal stimulerast og leggast til rette for dette, utan press. Det må vere spelaren sjølv som ynskjer å bli god, og klubben skal etter beste evne legge til rette – og bestemma (klubben er sjef). Eksempel her er hospitering/oppflytting internt og at ein bistår positivt i ein eventuell prosess med overgang til ein større klubb for vidare utvikling.



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

4.3 Trygge rammer

Klubben er ein viktig aktør i lokalsamfunnet og er derfor opptatt av å bidra med sunne haldingar og verdiar også utanfor kjerneaktiviteten. Følgjande tema er i så måte sentrale;

- EatMoveSleep
- Seksuelle overgrep og trakassering
- Doping
- Alkohol
- Trafikktryggleik
- Kampfiksing og speleavhengigheit
- Mobbing og rasisme
- Skader og forsikring

Spesielt viktig for IL Trio er dette med trafikktryggleik, grunna vår geografiske plassering med mange lange reiser til bortekampar. Utover dette vel klubben eit tema årleg som får spesiell fokus.

4.4 Mål

Når ein skal setja mål for aktiviteten i Trio Fotball er det heilt avgjerande å reflektera visjon og verdigrunnlaget i klubben, samt rammevilkåra for aktiviteten. Vi kan til dømes ikkje ha mål om spel i 2. divisjon herrar om underliggende faktorar som t.d. økonomi aldri kan understøtta eit slikt mål.

Med dei verdiane vi legg til grunn i klubben, der vi ikkje skal ha begrensa fokus på resultat og prestasjon, vil det ikkje vera foreneleg med å ha overordna resultatmål i barne- og ungdomsfotballen i vår klubb (for eksempel «mål om 1. divisjon G16»). Her må vi ta innover oss at vi er ein dugnadsdrevne klubb og bur på ein liten plass med avgrensingar på økonomiske bidrag frå næringsliv. Vidare må vi slå fast at det faktum at vi ikkje har høgskuleutdanning i Kvinnherad gjer at vi mistar mange talent etter fullført vidaregåande skule.

Med bakgrunn i dette, klubbens sportsplan og underliggende verdiar, har klubben vedteke følgjande målsetningar i IL Trio Fotball (pr. Mars 2021)

Mål	
1	Gjennom opparbeiding av eit godt omdømme og ha systematisk arbeid med rekrytering , er det eit mål for klubben å ha: <ul style="list-style-type: none">- Minst eit jentelag og minst to gutelag i kvart årskull frå 6 år til 12 år.- Minst eit lag av kvart kjønn frå 13 år.- Juniorlag- Senioarlag både for damer og herrar- Minst 500 medlemmer.
2	Oppretthalde status som kvalitetsklubb
3	Auka kompetanse <ul style="list-style-type: none">- Alle lag i barnefotballen skal ha minst ein trenar med minimum Grasrottrenar del 1- Alle lag i ungdomsfotballen skal ha minst ein trenar med minimum Grasrottrenar del 1 og 3- Minst 50% av styret i fotballgruppa skal ha minimum FLK1
4	Auka/betre banekapasiteten på Husnes <ul style="list-style-type: none">- Ny kunstgrasbane ved sida av Kvednabekkjen
5	Ligge på øvre halvdel av tabellen i fjerdedivisjon for Herrelaget
6	Stille damelag i seriespel


KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

5 Klubbens organisering

Prosessane i fotballgruppa i IL Trio er relativt enkle;

- Vi skal tilby og driva fotballaktivitet for store og små
- Til dette treng ein anlegg, utstyr, kompetent støtteapparat og leiing.
- Til både aktivitet, kompetanse, anlegg og utstyr trengs det inntekter.

Organisasjonskart IL Trio Fotball:



Organisasjonskart med namn, rollebeskrivelser for sentrale verv og ansvar/oppgåver for definerte utval ligg på heimesida.

6 Lagets organisering

6.1 Støtteapparat

Aktiviteten i fotballgruppa er i stor grad avhengig av føresette for dei ulike rollane i lagane. Kvart lag bør ha ein hovudtrenar, minst ein hjelpetrenar, samt ein lagleiar. Det er eit sterkt ønske om at trenarar for ulike lag kursar seg i samsvar med klubbens kompetansekrav, for å utvikla klubben og samtidig møta krava som stilles til ein Kvalitetsklubb.

Alle med ei rolle tilknytt lag i Trio der ein har ansvar for mindreårige eller personar med funksjonshemmning må ha gyldig politiattest. Dette er eit krav frå NIF.

6.1.1 Hovudtrenar

Leiar den sportslege aktiviteten i laget. Ansvarleg for at aktiviteten er i samsvar med klubbens nedfelte retningslinjer for gjeldande aldersnivå (jfr sportsplan). Hovudtrenar har ansvar for å styre laget i kamp.

Hovudtrenar er ansvarleg for å legga lagoppstilling og kamprapport inn i FIKS (frå 13 år)

KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

6.1.2 Hjelpetrenar

Støtter hovudtrenar på feltet på trening og i kamp. Ein kan med fordel definera ei ressursgruppe på 2-3 personar per lag som kan bidra i denne oppgåva, der ein kan avlaste og dele på oppgåver.

6.1.3 Lagleiar

Styrer det administrative på laget. Typiske oppgåver:

- Halde Spond oppdatert med korrekt informasjon på kvar spelar
- Skaffe dommar til heimekampar
- Skaffe kampvert til heimekampar og følgje opp kampvert og dommar. Syta for at kampevaluering blir gjennomført i tråd med Fair Play utvalets retningslinjer
- Koordinere logistikk rundt bortekampar (reiseplan/kjøreliste etc)
- Delegere oppgåver til føresette ifbm dugnadsarbeid på klubbnivå
- Føre rekneskap for laget i tråd med krav frå fotballgruppa sin kasserar

6.2 Sesongplanlegging og kampavvikling

Klubben har samla påmelding av lag til seriespel, for å ha kontroll med dette. Det skjer på følgjande vis:

- Klubben inviterer dei ulike laga til påmelding i tråd med fristar som gjeld i dei 2 aktuelle kretsane
- Styret stiller på relevante møter i regi av krets før sesong
- Om det er noko som er uklart går ein i dialog med lag dette eventuelt gjeld
- Informasjonen frå møte med krets vert formidla i trenar-/lagleiarmøter og det vert lagt ut nødvendig informasjon i Spond-gruppa for trenarar og lagleiarar
- Klubbhåndbok har detaljert informasjon om avvikling av hhv heime- og bortekampar
- Klubben har og samla påmelding til lokale cupar for dei minste. For øvrig påmelding til cupar skal dette søkjast om.

6.3 Seriespel

6.3.1 6-9 år

For laga i alder 6-9 år består kamptilbodet av minicupar rundt om i kommunen, i tillegg til cupar i nabokommunar. Sjå instruks for cupdeltaking for meir informasjon.

6.3.2 10-19 år

Klubben melder samla på lag mellom 10 og 19 år til seriespel i Hordaland eller Rogaland fotballkrets.

- 10-12 år er typisk ein lokal serie i Sunnhordland eller Hardanger, utan tabell eller poeng. Merk: Spelarane må frå denne alder vere registrert i FIKS.
- Kvart lag i alderen 13-19 år må meld opp til styret kvar ein ynskjer å spela komande sesong (døme: Hordaland 2. divisjon, 11ar fotball). Når UTKAST til terminliste kjem (premilinært i FIKS), sjekk at ein er komen på rett plass. Bruk deretter tid på å gå gjennom oppsette dagar og tider, og meld frå om ønska endringar snarast mogleg. **Kritisk viktig her er å sikre ei trygg reise til og frå kamp, gjennom å tilpassa starttidspunkt for bortekamp.** Når endelig terminliste er offentleggjort er det meir tungrodd å gjere endringar.

6.3.3 Heimekampen

Klubben ynskjer at alle lag som kjem til oss skal føla seg velkomne og ha ei god oppleving – uavhengig av resultat i sjølv kampen. Det er viktig for klubben vår at tilreisande lag har ynskje om å koma tilbake til Trio. Ein bør gjere følgjande for å oppnå dette (noko gjeld berre i ungdomsklassen):



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

- Send melding til både bortelag og oppsett dommar 2-3 dagar før kamp og ønsk velkommen til kamp. For lag mellom 10-12 år, bruk liste over dommarar på heimesida for å skaffe dommar.
- Hjelp bortelag med anbefalt reiserute ved behov. Husk at dei som besøker oss reiser mykje mindre enn oss på denne strekninga.
- Registrer laget i FIKS
- Syt for at det er kampvert på alle kampar, og at kampverten veit kva ein skal gjere
- Ver tidleg ute og lås opp garderobar og da høfleg imot bortelaget
- Organiser på forhånd eit banemannskap som kan klargjera bane til kamp på kort tid saman med lag som trenar på banen før kamp (mål, merking etc). Slik kan laga trene lengst mogleg.
- Ta med minst 6 gode ballar inkl kampball ned til banen. Halvparten av ballane tilbys bortelaget.
- Tilby gjerne ei kanne kaffi med koppar til bortelaget.
- Ein frå heimelagets lagleiing må oppdatere kamprapport i MinFotball app/FIKS.
- Server laga frukt i pausen
- Hugs dommaren! Tilby dommar frukt, kaffi og/evt smoothie eller liknande
- Takka motstandar og dommar høfleg for kampen og bistå med råd til heimreise ved behov (ferjeruter, ruteval etc)
- Få alt utstyr på plass i Triohuset, sjå over og rydd garderobar som har vore i bruk. Hugs å låsa huset om treningane er ferdig for dagen.
- Gjera opp med dommar
- Heimelag eller dommar legg kamprapport inn i FIKS og registrerer kampresultat (avtal med dommar)
- Oppdatering frå kampar på IL Trio Liveoppdatering på Facebook, gjerne også på heimekampar
- Det er ynskjeleg med mest mogleg bruk av Trio si heimeside og Facebookside. Referat frå kampar på heimesida og link til Trio FB og lagets eigen FB-side (eventuelt referat direkte på Trio FB Sida). Skap status og interesse rundt laget og klubben!

6.3.4 Bortekampen

- Planlegg turen minst ei veke i forkant (kjøreliste, eventuelt booking av minibuss etc). Hugs **trygg trafikk**. Vi bur i utkant og kjører mange kilometer kvar sesong. Planlegg godt for normal og trygg kjøring
- Legg inn laget i FIKS minst ein dag før kamp. Eit tips her kan vere å legga inn lag på første kampen med alle aktuelle spelarar for laget. Deretter kopiera dette til alle kampane på terminlista. Då har ein i alle fall troppen inne og kan gjere små korrigeringar før kampstart ved behov.
- Avtal tydeleg tidspunkt for frammøte, eigenandel og tidspunkt for planlagt retur.
- Hugs drakter og gjerne 3 ballar til bruk i oppvarming.
- Ha med skjema for eigenandel. Krev inn dette (for eksempel på ferje) og registrer kven og beløp (sjå elles «Økonomi i laget» for meir info)
- Etterlat eit like positivt inntrykk av Trio som klubbb, som vi prøver å få til på heimekampar

7 Økonomi

7.1 Økonomi på klubbnivå

«Plan for økonomistyring» på klubbnivå ligg tilgjengeleg på Trio si heimeside



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

7.2 Økonomi på lagsnivå

7.2.1 Avgifter, kontingentar og eigenandelar

- Medlemsavgift
- Treningsavgift, inkl forsikring
- Eigenandel på bortekampar
- Deltakeravift/eigenandel på cupar

Satsar gjeldande for inneverande sesong ligg blant anna i lagleiarperm på heimesida og blir oppdatert årleg.

Cupdeltaking utanfor kommunen søkast om for kvar gong. Sjå cupinstruks og søknadsskjema i lagleiarperm på heimesida.

7.2.2 Kostnadar på heimekampar

I utgangspunktet skal det (For laget) kun vera utlegg til **dommar** på heimekamp.

7.2.2.1 6-9 år

Minicup lokalt: Arrangør held dommar.

7.2.2.2 10-12 år

Etablert skjema inkluderer kva som skal betalast. Hugs å ha med skjema for dommarutlegg og få signatur på motteke beløp om dette betalast ut kontakt eller med Vipps (viktig for rekneskap). Skjema ligg i lagleiarperm.

7.2.2.3 13-19 år

Kretsen sett opp dommar, oppgjer etter rekning. Eventuelt bruk skjema som for 10-12 år, med gjeldande sats for dømming i aktuell aldersgruppe.

7.2.3 Kostnader på bortekampar

7.2.3.1 I kommunen

- Deling på køyring mellom foreldra. Lagleiar koordinerer
- Eigenandel: Sjå oversikt på heimesida

7.2.3.2 Utanfor kommunen

- Køyring med minibuss eller privatbilar.
- Eigenandel: Sjå oversikt på heimesida
- Eigenandelar sendast til Trio

Lagleiar nyttar fil for rekneskap og registrerer kostnader fortløpande gjennom sesongen. Hugs å ta vare på relevante bilag.

7.2.4 Dugnad

Gjennom sesongen har klubben ein del faste årlege aktivitetar som er kritiske inntekter for klubben. Desse inneber noko dugnadsinnsats frå medlemmer og føresette. Dette er i hovudsak følgande

- Kiosksalg under **Trio Cup** (inne-cupr i februar/mars); Føresette til dei Trio-laga som spelar blir bedne om å bidra i kiosk
- Loddsgalg; Klubben har eit lotteri kvar sesong. «Fotball lotteriet». Her må alle lag og spelalar bidra til viktig inntekt for klubben.
- Kiosksalg på A-kampar: 1-2 ganger per sesong. Informasjon kjem frå styret i april.
- **Tine Fotballskule:** I slutten av juni. Føresette og eldre spelalar skal stille opp til instruktøroppgåver, kjøken etc.



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

- **Husnes cup:** typisk første helga etter skulestart i august. Det største løftet for klubben gjennom sesongen, der alle lag bidreg på ulike områder for å få arrangementet i hamn
- **Romjulscup:** Kiosksal 26.-27. desember. Styret forespør enkeltlag om oppgåva.

8 Informasjon og kommunikasjon

Klubben ser stor verdi i klar og god informasjon og kommunikasjon.

Spesielt er god kommunikasjon avgjerande for å «bygga klubb» på tvers av dei ulike laga. Dagleg deles informasjon som følgjer:

- **IL Trio Heimeside**

Under Fotball leggast relevant informasjon for trenrarar, lagleiarar, føresette, spelalarar osb. Referat frå kampar leggast inn her.

- **IL Trio si side på Facebook**

Nyheiter og kampreferat på heimesida kan delast her. Informere om kampar og anna for allmenn interesse.

- **IL Trio Liveoppdatering på Facebook**

Brukast for å oppdatera undervegs i kampar for Trio-lag

- **IL Trio Trenar/Lagleiar på Spond**

Brukast til kommunikasjon mellom trenrarar, og mellom styre eller sportsleg utval og lagane.

Innkrevjing av medlemskontingent og treningsavgifter skal skje via Spond.

Skulle det oppstå noko form for konfliktsituasjon i eit lag, ta kontakt snarast med respektive ansvarlege for hhv barne- eller ungdomsavdeling.

9 Rekruttering

Klubben har eigen rekrutteringsansvarleg og rekrutteringsplan med tilhøyrande årlege rekrutteringstiltak for området Husnes-Valen-Sunde. Denne planen ligg lett tilgjengeleg på heimesida.

10 Utdanning og kompetanse

Eit avgjerande element i viderefotballutviklinga av klubben er å ha tilstrekkeleg kompetanse til ei kvar tid. Dette gjeld både trenrarar og styret. Kompetanse er eit satsingsområde for NFF og det står sentralt i det å utvikla klubbs, krets og forbund. Det er også eit avgjerande element for å vere Kvalitetsklubb. Klubben har eigen kompetanseansvarleg og kompetanseplan som ligg lett tilgjengeleg på heimesida.

Relevant stige for trenarkompetanse er som følgjer:

- Barnefotballkveld – 4 timer internkurs i klubbhuset
- Ungdomsfotballkveld – 4 timer internkurs i klubbhuset
- Grasrottrenar del 1: 16 timers kurs i regi av NFF
- Grasrottrenar del 2: 16 timers kurs i regi av NFF
- Grasrottrenar del 3: 16 timers kurs i regi av NFF
- Grasrottrenar del 4: 16 timers kurs i regi av NFF



KLUBBHÅNDBOK – TRIO FOTBALL

For klubbens leiing tilbyr NFF kursene «Fotballleder 1-4».

Krava til Kvalitetsklubb er som følgjer:

Rolle	Krav
Styret	Minst 50% av styret skal ha Fotballeder del 1
Trenar barnefotball	Minst ein trener per lag skal ha Grasrottrenar del 1
Trenar ungdomsfotball	Minst ein trener per lag skal ha Grasrottrenar del 1 og del 3

11 Utstyr

Klubbens utstyrssleverandør er **Umbro**. Eksisterande utstyrssavtale gjeld frå 2023 til 2028. Utstyr handlast hos Sport1 Husnes.

Triokolleksjonen ligg tilgjengeleg i lagleiarperm. Klubben presiserer at **ingen må kjøpe Umbro-klede for å vere med på aktivitet i regi av klubben**.

Klubben held trøye, keeperhanskar, ballar, kjegler, vestar og medisinskrin til alle lag i barne- og ungdomsklassane.

Viss vi speler bortekamp mot lag med raude drakter har vi nokre sett med kvite bortedrakter som kan nyttast. Lag som nyttar desse må vaska og returnera draktsetta etter bruk. Ta kontakt med materialansvarleg.

Tap av ballar utgjer ein stor kostnad for fotballgruppa. Alle lag må vere bevisst på dette, for å redusera kostnadene for klubben.

12 Forsikring

Alle spelarar i Trio er forsikra gjennom «Lagsforsikring». Denne betalast av klubben for alle lag og kvar spelar bidrar til dette gjennom å løysa medlemskontingent og treningsavgift.

Utover dette kan den enkelte spelar teikne individuell forsikring som går utover dekninga i lagsforsikringa. Dette kan gje raskare hjelp og behandling om uhellet er ute. Dette er noko kvar enkelt må ta stilling til og evt. Bestilla/kjøpa sjølve. Meir informasjon her: <https://fotball.no/klubb-og-leder/forsikring>

Ved skade som truleg krev behandling, gjer følgande:

- 1) Utfør akutt skadebehandling
 - a. Ring Idrettens skadetelefon på 987 02 033 for bistand
- 2) Skadelidte registrerer skademelding på www.idrettshelse.no
- 3) Forsikringsselskapet vurderer forsikringsdekning
- 4) Idrettens Skadetelefon tar kontakt med skadelidte uavhengig om det er dekning i forsikringen
- 5) Idrettens Skadetelefon bestiller all utredning og behandling i eit kvalitetssikra behandlingsnettverk
- 6) Idrettens Skadetelefon følgjer opp skadelidte til etter gjennomført behandling.